



Vang kommune

Formannskapet

Møteprotokoll

Møtedato: 05.03.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:15
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte	Parti
Jørand Ødegård Lunde	ANDR
Bjørn Olav Søndrol	AP
Vidar Eltun	AP
Leif Solemsli	BIV
Kristin Bakke Lajord	SP

Møtenotater:

Orienteringar:

- Årsmøte i frivilligsentralen - Leif Solemsli deltok ikkje i årsmøte da han er inhabil jamfør forlvatningslova §6
- Årsmøte Ola Søyne legat
- Årsrekneskap og årsoppgjør 2025 v/Ole Martin Alfstad
- Status om Klukkarhaugen
- Oppdatering på investeringsprosjektar v/Landbruk og teknisk - Møtet var lukka under orientering om VA grunnavtaler med heimel i offentleglova §15
- Nytt frå næring v/Erling Oppheim
- Kulturstrategi v/Marta Bjørnøy Lalim og Yvonne Mæland
- Prosess KPA, politisk verkstad
- Strategi Jotun Holding AS, oppdatering frå møtet 2.mars

Drøftingssak:

1. Publisering av opptak frå kommunestyremøter.

Sakliste**Sak nr.****Sakstittel**

005/26

Godkjenning av møteprotokoll

006/26

Næringsanalyse for Vang kommune.

007/26

Framlegg til forskrift om overnattingsavgift til kommunene -
uttale frå Vang kommune.

008/26

Proessen økonomiplan 2027-2030

009/26

Mekkeklubben i Lomen

010/26

Valdresmusea - søknad om støtte til etablering av flaumvern

011/26

Samlesak for delegerte saker

012/26

Samlesak for referatsaker

005/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 005/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

006/26 Næringsanalyse for Vang kommune.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek framlagt næringsanalyse for Vang kommune til vitande og oppfylging. Næringsanalysen vert samstundes lagt grunn for det vidare arbeidet med ein strategisk plan for næringsutvikling i Vang.

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 006/26 Vedtak:

Formannskapet tek framlagt næringsanalyse for Vang kommune til vitande og oppfylging. Næringsanalysen vert samstundes lagt grunn for det vidare arbeidet med ein strategisk plan for næringsutvikling i Vang.

007/26 Framlegg til forskrift om overnattingsavgift til kommunene - uttale frå Vang kommune.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune tek framlegg til forskrift for kommunal overnattingsavgift til vitande og fremjar samstundes fylgjande høyringsfråsegn:

2. **Vang kommune støttar innføring av kommunal overnattingsavgift** som eit mogeleg verkemiddel for å finansiere fellesgoder som er viktige for reiselivet og lokalsamfunnet.
3. Kommunen tydeleggjer at **inntektene må øyremerkast tiltak som styrkjer berekraftig reiseliv**, særleg infrastruktur, naturforvaltning og besøksstyring.
4. Kommunen ber departementet sikre at **aktørane får tilstrekkeleg tid til å tilpasse system og prisstruktur**, særleg i overgangsåret 2027.
5. Kommunen støttar at **fritaka er nasjonalt harmoniserte**, og meiner dette reduserer administrativt arbeid for både verksemdar og kommunane.

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Nytt forslag i sak 07/26. Forskrift overnattingsavgift, fremja av Vidar Eltun, Arbeiderpartiet
«Vang kommune tek framlegg til forskrift for kommunal overnattingsavgift til vitande og fremjar samstundes fylgjande høyringsfråsegn:»

1. **Vang kommune støttar ikkje forskrifta slik ho ligg føre.** Kommunen meiner at besøksbidragsordninga er meint for kommunar med **dokumentert særleg stor besøksbelastning**, og at forskrifta må avgrensast tydeleg slik at ho ikkje svekkjer konkurransekrafta til reiselivet i distriktskommunar utan slik belastning.
2. Vang kommune ber departementet fastsetje **tydelege, målbare kriterium og dokumentasjonskrav** for kva som skal reknast som «særleg stor belastning frå reiselivet», og sikre ei **klar avgrensing** mot kommunar utan dokumentert besøksbelastning.
3. Vang kommune føreset at reiselivsnæringa vert **involvert reelt og tidleg** i prosessar som gjeld rammevilkår for reiselivet. Kommunen ber departementet sikre at medverknad og lokal forankring vert eit **tydeleg krav** før ei eventuell lokal ordning kan vurderast.

Tillegg til vedtak, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

Vang kommune meiner at camping og bubilturisme må omfattast av eit besøksbidrag

Alternativt forslag frå Vang AP ved Vidar Eltun vedteke mot to stemmer (Solemsli og Ødegård Lunde)

Tilleggsforslag frå BiV ved Leif Solemsli: Samrøystes vedteke

FS - 007/26 Vedtak:

«Vang kommune tek framlegg til forskrift for kommunal overnattingsavgift til vitande og fremjar samstundes fylgjande høyringsfråsegn:»

1. **Vang kommune støttar ikkje forskrifta slik ho ligg føre.** Kommunen meiner at besøksbidragsordninga er meint for kommunar med **dokumentert særleg stor besøksbelastning**, og at forskrifta må avgrensast tydeleg slik at ho ikkje svekkjer konkurransekrafta til reiselivet i distriktskommunar utan slik belastning.
2. Vang kommune ber departementet fastsetje **tydelege, målbare kriterium og dokumentasjonskrav** for kva som skal reknast som «særleg stor belastning frå reiselivet», og sikre ei **klar avgrensing** mot kommunar utan dokumentert besøksbelastning.
3. Vang kommune føreset at reiselivsnæringa vert **involvert reelt og tidleg** i prosessar som gjeld rammevilkår for reiselivet. Kommunen ber departementet sikre at medverknad og lokal forankring vert eit **tydeleg krav** før ei eventuell lokal ordning kan vurderast.

Vang kommune meiner at camping og bubilturisme må omfattast av eit besøksbidrag

008/26 Prosessen økonomiplan 2027-2030

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Forslag til vedtak, fremja av Jørund Ødegård Lunde, Andre

Formannskapet vedtek framlagte prosess for økonomiplan 2027-2030. I forsk. møte 3. juni ber vi om ein grundig gjennomgang av kraftinntektene og forvaltninga av dei.

Framlegg til vedtak frå Jørand Ødegård Lunde: Samrøystes vedteke

FS - 008/26 Vedtak:

Formannskapet vedtek framlagte prosess for økonomiplan 2027-2030. I forsk. møte 3. juni ber vi om ein grundig gjennomgang av kraftinntektene og forvaltninga av dei.

009/26 Mekkeklubben i Lomen

Framlegg til vedtak:

Vang kommune vidarefører gjeldande husleige-avtale med Vestre Slidre kommune. Det er eit vilkår at Vestre Slidre kommune ønsker å vidareføre si avtale med utleigar. Det bør i løpet av kommande år, gjerast registreringar av brukarar frå Vang, for å få eit godt bilde av nytta kommunens innbyggjarar har av tilbodet. Saka blir lagt fram til ny vurdering hausten 2027.

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 009/26 Vedtak:

Vang kommune vidarefører gjeldande husleige-avtale med Vestre Slidre kommune. Det er eit vilkår at Vestre Slidre kommune ønsker å vidareføre si avtale med utleigar. Det bør i løpet av kommande år, gjerast registreringar av brukarar frå Vang, for å få eit godt bilde av nytta kommunens innbyggjarar har av tilbodet. Saka blir lagt fram til ny vurdering hausten 2027.

010/26 Valdresmusea - søknad om støtte til etablering av flaumvern

Framlegg til vedtak:

Søknad frå Valdresmusea AS til Vang kommune om støtte til etablering av flaumvern vert ikkje innvilga.

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 010/26 Vedtak:

Søknad frå Valdresmusea AS til Vang kommune om støtte til etablering av flaumvern vert ikkje innvilga.

011/26 Samlesak for delegerte saker

Delegerte saker blir tatt til orientering

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 011/26 Vedtak:

Delegerte saker blir tatt til orientering

012/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

05.03.2026 Formannskapet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

FS - 012/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering